



...e fekk helse på



**Gåve:** Gullsmed Katrine Berg gav kronsprinparet ei gåve utanfor butikken sin.



**Fotball:** Anders Karlsen fekk i stand ein fotballprat med kronsprinparet.

# storm



**Blomar:** Hilde Leite og Øyvind Humborstad overrekte blomar og fekk helse på kronsprinparet.

**Kronprins Haakon og kronprinsesse Mette-Marit tok folket med storm under sitt tre dagar lange besøk i Sogn og Fjordane. Kronsprinparet tok seg god tid til å helse på folk då dei i går besøkte Nordfjordeid.**

Håvar Fagerli  
havar.fagerli@fjt.no  
telefon 942 79 790

Siri Kolseth  
fjordenes.tidende@fjt.no  
telefon 57 84 90 00

Ordførar i Eid Sonja Edvardsen var spent før ho skulle ta i mot kronsprinparet.

– Eg er veldig spent, men gleder meg òg, sa Sonja Edvardsen rett før kronsprinparet svinga rundt Moengården.

Hilde Leite og Øyvind Humborstad delte ut blomar til dei kongelege gjestane.

– Det var veldig kjekt å snakke med Haakon og Mette-Marit, sa Øyvind Humborstad etterpå.

Skulemusikkorpsa i Eid spelte medan kronsprinparet møtte nordfjordingane i eit grått vestlandsver. Kronsprinparet gjekk gjennom ei Eidsgate omkransa av menneske og norske flagg. Då det byrja å regne ville fylkesmann Oddvar Flæte gje kronsprinparet eit paraply, men dei takka høfleg nei og heldt fram med å snakke med folk langs ruta.

Blant anna fekk Anders Karlsen (11) i gong ein kreativ diskusjon med kronsprinparet om kva lag som var best i England.

– Kva gjer du på om fritida då, Anders, spurde kronprinsen.

– Fotball, sjølvsgatt, svarta Anders.


– Kva lag likar du best i England, spurde Anders.

Kronprinsen ramsa opp ei rekkje lag som er bra, men ville sjølvsgatt ikkje ta noko standpunkt til dette.

– Haakon ville ikkje seie kva lag han likte best, men Mette-Marit sa at ho i alle fall var Start-tilhengar, seier Anders etter møtet med kronsprinparet.

Etter turen langs Eidsgata sette følgjet seg i bilane for å besøkje Nordfjord Psykiatrisenter.

På Eksersisplassen var det folkefest med eit flott kulturprogram, før det kongelege følgjet skulle ete lunsj på Nordfjord Hotel og til slutt møte pressekorpset.



**Invitasjon:** Erlend Nord og Ingebjørg Scott Bale inviterte heile kongehuset til Nordfjordeid til neste Malakoff Rockfestival.

## Inviterte kongehuset til Malakoff

**Dei to unge talarane, Erlend Nord (13) og Ingebjørg Scott Bale (13) heldt ei morosam og fengjande velkomstale til kronsprinparet.**

– Kronprinsen skrytte av tala etterpå. Han takka og sa dette var bra, seier ein letta Erlend Nord etter tala var unnagjort.

Tala hadde dei skrive sjølv, men dei hadde fått litt hjelp av lærarane på skulen.

– Vi har vel brukt eit par dagar på å skrive tala, og eg tykkjer det gjekk fint. Det var artig at kronsprinparet lo av poengane, seier den unge talarane.

Ingebjørg Scott Bale avslutta sin del av tala med å invitere heile kongehuset til neste Malakoff Rockfestival.

– Vi håpar dei vil kome. Vi har i alle fall god plass til dei, seier Erlend Nord.

**KRISESENTERET OG  
KRISETELEFONEN**



DØGNVAKT  
57 74 36 00

**I SOGN OG FJORDANE**